

Miljødirektoratet

Trondheim

Rauland, 9.10.2013

**Hardangervidda Nasjonalpark - sakshandsamingsorgan ved riving og nybygging på
anna tomt.**

Nemnde spørsmål var oppe på den årlege samlinga for forvaltinga, der MiD var representert. Ho er seinare drøfta med Øyvind Bonesrønning ved fleire høve, utan at noka avklaring har kome.

Bakgrunnen er at ei slik sak i 2012 blei handsama av FMTe. Tvo tilsvarande saker få år attende blei handsama av TU. Det skal visstnok vera så at FM og TU i alle fylka nokre år attende blei samde om at FM er lagelegast til å handsame dette spørsmålet.

Bygging som nemnt er omhandla på side 62 i Forvaltingsplanen. Der finn ein inga rettleiing. Kven som handsamar kva er sagt i rundskriv 7.6. 2002 frå DN. Det blir der slege fast at TU skal handsama saker etter § 4.1.3.c i Verneforskrifta. Korkje i forskrifta eller i delegasjonsbrevet skil ein på om det er tale om same eller ny tomt.

Kva som er bakgrunnen for skiftet i regime, veit ein ikkje, men det kan sjå ut som det er maktgir hjå FM. I alle høve er det ikkje rett at FM og TU skal bli samde om dette på eiga hand, det må i så fall vera etter avgjerd i MiD. Eg bed om at ein der ser på saka og konkluderer.

Ein bør då ha i mente kva som er sagt i plattformen til den nye regjeringa: FM skal i mindre mon enn no vera eit utøvande forvaltingsorgan, men i hovudsak eit tilsyns- og kontrollorgan. Konklusjonen skulle då gje seg sjølv.

Helsing

Johan Vaa (leiar HG)

Kopi til FMTe og TU Telemark